



MØTEPROTOKOLL

Utval: Naturutvalet
Møtedato: 01.12.2010
Møtetid: 15:00 - 17:00
Møtestad: Kommunehuset

Av 7 medlemmer møtte 5, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemene møtte ikkje:	I staden møtte:
Bjørn Sævild	
Sigmund Dyrhovden	

Andre som var til stades på møtet:

Leiar av eining for teknisk Kenth Oppheim, konsulent Karen Tveit, rådmann Tone Ramsli og ordførar Marit A Aase

Merknader:

--

Orienteringar/meldingar:

Spørsmål/interpellasjonar:

--

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 15.12.2010

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
056/10	10/609	Faste saker	
057/10	10/502	Byggesak - riving av eksisterande hytte og nybygg gnr 8 bnr 21 Gullbotn	
058/10	09/299	Byggesak, fritidsbolig Gnr.4 bnr.17 Trengereidfjorden	
059/10	10/196	Delingssak og rekvisisjon av kartforretning gnr 28, bnr 4	
060/10	10/584	Veg over gnr 31, bnr 60 til hytte på gnr 31, bnr 52 - Grønsdal	
061/10	10/389	Byggjesak garasje gnr 31, bnr 60 - Grønsdalen	
062/10	10/526	Bruksendring gnr. 3, bnr. 16 Våge og gnr. 3 bnr.18	
063/10	10/70	Forurensing - lagring av avfall	
064/10	10/326	Spørsmål frå Hordaland Bondelag om å vera høyringsinstans for arealsaker i Samnanger	

SAKNR. 056/10
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Protokollen frå førre møte vert godkjent
 - Delegererte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

01.12.2010 NATURUTVALET

Handsaming i møtet:

Utvalet drøfta utsendte skriv og meldingar, særleg notat om Kvilebu i Kvittingen og bygging av molo/pir på Steinsland.

Det vart bestemt at det vert ekstra møte i naturutvalet for handsaming av første utkast til strandsonenplan. Møtet vert onsdag 20. januar 2011.

Det vart orientert om vassforsyning Rolvsvåg. Her er det fare for vassmangel pga. kulden, og det vert gitt ut informasjon om m.a. vass-sparing.

Utvalet sitt kvarter:

Helga Nygård ga uttrykk for synspunkt på gjennomføring av folkemøte om områdeplan for Bjørkheimsområdet. Dei andre medlemmane kom med synspunkt.

Det vart og etterlyst oppfølging av eksisterande reguleringsplan for Bjørkheim. Sture Tveit viste til uoversiktleg trafikkmønster, og at det lett kan skje skade på folk. Som kjend vart reguleringsplanen godkjend utan at dei trafikkale spørsmåla vart løyst. Dette var spørsmål som var overlete til dei næringsdrivande å rydda opp i.

Gunnar Bruvik etterlyste fartshumpane på Ytre Tysse. Han forsto at kulda hadde gjort sitt til å utsetja tiltaket. Det vert kjørt alt for fort gjennom sentrum.

Sture Tveit etterspurde framdrift i arbeidet med vassdragsplan. Rådmannen orienterte om at det er inngått avtale med konsulent, og at ein med det første vil utarbeida ein plan for organisering av arbeidet og ein framdriftsplan.

NAT-056/10 VEDTAK:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

SAKNR. 057/10

BYGGESAK - RIVING AV EKSISTERANDE HYTTE OG NYBYGG GNR 8 BNR 21
GULLBOTN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova § 20-1 vert det gjeve løyve til riving av gamal hytte på gnr. 8 bnr 21 og til å byggje ny hytte på same tomt.

Den nye hytta kan ikkje vera større enn 60 kvm og må plasserast på høgaste punkt på tomten. Det skal takast særskilt omsyn til Langavatnet og nærmiljø i riving- og anleggsfasen.

Fullstendige teikningar av hytta og ansvarleg føretak må godkjennast av kommunen før arbeidet med ny hytte tar til.

01.12.2010 NATURUTVALET

Handsaming i møtet:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

NAT-057/10 VEDTAK:

... Med heimel i plan og bygningslova § 20-1 vert det gjeve løyve til riving av gamal hytte på gnr. 8 bnr 21 og til å byggje ny hytte på same tomt.

Den nye hytta kan ikkje vera større enn 60 kvm og må plasserast på høgaste punkt på tomta. Det skal takast særskilt omsyn til Langavatnet og nærmiljø i riving- og anleggsfasen.

Fullstendige teikningar av hytta og ansvarleg føretak må godkjennast av kommunen før arbeidet med ny hytte tar til.

SAKNR. 058/10

BYGGESAK, FRITIDSBOLIG GNR.4 BNR.17 I TRENGEREIDFJORDEN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova av 14 juni 1985 § 19 vert det ikkje gjeve dispensasjon til bygging av hytte på Gnr.4 bnr.17 i Trengereidfjorden.

Med heimel i plan og bygningslova 14 juni 1985 § 93 vert det ikkje gjeve dispensasjon til bygging av hytte på Gnr.4 bnr.17 i Trengereidfjorden.

01.12.2010 NATURUTVALET

Handsaming i møtet:

Utvalet viste til at det frå før er fleire hytter i området.

Sture Tveit sette fram framlegg om at søknaden vart imøtekomen.

Det vart røysta alternativt over framlegget frå Sture Tveit og framlegget frå rådmannen. Utvalet gjekk samrøystes inn for framlegget frå Tveit.

NAT-058/10 VEDTAK:

Med heimel i plan og bygningslova av 14 juni 1985 § 19 vert det gjeve dispensasjon til bygging av hytte på Gnr.4 bnr.17 i Trengereidfjorden.

Med heimel i plan og bygningslova 14 juni 1985 § 93 vert det gjeve dispensasjon til bygging av hytte på Gnr.4 bnr.17 i Trengereidfjorden.

SAKNR. 059/10

DELINGSSAK OG REKVISISJON AV KARTFORRETNING GNR 28, BNR 4

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Klaga vert ikkje teke til fylgje og vedtak vert oppretthalde.

Med heimel i plan og bygningslova 14 juni 1985 § 63 og §93 h vert det ikkje gjeve løyve til frådelling av ein bebygd hyttetomt i skiområde på Totræna Gnr. 28 bnr.4.

Deling av hytte i utmark kan ikkje godkjennast etter jordlova § 12.

01.12.2010 NATURUTVALET

Handsaming i møtet:

Utvalet gjekk samrøystes inn for rådmannen sitt framlegg til vedtak.

NAT-059/10 VEDTAK:

Klaga vert ikkje teke til fylgje og vedtak vert oppretthalde.

Med heimel i plan og bygningslova 14 juni 1985 § 63 og §93 h vert det ikkje gjeve løyve til frådelling av ein bebygd hyttetomt i skiområde på Totræna Gnr. 28 bnr.4.

Deling av hytte i utmark kan ikkje godkjennast etter jordlova § 12.

SAKNR. 060/10

VEG OVER GNR 31, BNR 60 TIL HYTTE PÅ GNR 31, BNR 52 - GRØNSDAL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova §20-2 vert det gjeve løyve til å byggje veg på gnr.31 bnr.60 og gnr.31 bnr.52

01.12.2010 NATURUTVALET

Handsaming i møtet:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg.

NAT-060/10 VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §20-2 vert det gjeve løyve til å byggje veg på gnr.31 bnr.60 og gnr.31 bnr.52

SAKNR. 061/10

BYGGJESAK GARASJE GNR 31, BNR 60 - GRØNSDALEN

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Med heimel i plan og bygningslova § 19-1 vert det gjeve dispensasjon til bygging av ein garasje i LNF område på Gnr. 31 bnr.60 i Grønsdal

Med heimel i plan og bygningslova § 20-1 vert det gjeve løyve til bygging av ei garasje i LNF område på Gnr. 31 bnr.60 i Grønsdal. Løyvet er gjeve i samsvar med søknad av 07.07.2010.

Vedtak frå Statens vegvesen må også etterfølgjast.

01.12.2010 NATURUTVALET

Handsaming i møtet:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

NAT-061/10 VEDTAK:

Med heimel i plan og bygningslova § 19-1 vert det gjeve dispensasjon til bygging av ein garasje i LNF område på Gnr. 31 bnr.60 i Grønsdal

Med heimel i plan og bygningslova § 20-1 vert det gjeve løyve til bygging av ei garasje i LNF område på Gnr. 31 bnr.60 i Grønsdal. Løyvet er gjeve i samsvar med søknad av 07.07.2010.

Vedtak frå Statens vegvesen må også etterfølgjast.

SAKNR. 062/10

BRUKSENDRING GNR. 3, BNR. 16 VÅGE OG GNR. 3 BNR.18

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova §20-1 og §31-2 vert det ikkje gjeve bruksendring for Gnr.3 Bnr.16 eller Gnr.3 Bnr.18 i Samnanger Kommune.

01.12.2010 NATURUTVALET

Handsaming i møtet:

NAT-062/10 VEDTAK:

Med heimel i plan og bygningslova §20-1 og §31-2 vert det ikkje gjeve bruksendring for Gnr.3 Bnr.16 eller Gnr.3 Bnr.18 i Samnanger Kommune.

SAKNR. 063/10

FORURENSING - LAGRING AV AVFALL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i forureiningslova §§ 7 og 37 vert det gjeve pålegg om å fjerna utstyr som er lagra på gnr. 18 bnr. 161 innan 01.03.2011.

01.12.2010 NATURUTVALET

Handsaming i møtet:

Gunnveig Loe ba om å få vurdert om ho som nabo er ugild ved handsaming av denne saka. Rådmannen har innhenta juridisk råd i høve til spørsmålet om ugildskap. Det vart m.a. til Frihagen si bok om ugildskap kap. om byggjesaker der naboskap og ugildskap er omhandla. Utvalet gjekk samrøystes inn for rådmannen sitt framlegg til vedtak.

NAT-063/10 VEDTAK:

Med heimel i forureiningslova §§ 7 og 37 vert det gjeve pålegg om å fjerna utstyr som er lagra på gnr. 18 bnr. 161 innan 01.03.2011.

SAKNR. 064/10

SPØRSMÅL FRÅ HORDALAND BONDELAG OM Å VERA HØYRINGSINSTANS FOR ARELSAKER I SAMNANGER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune ser det ikkje som føremålstenleg å la Hordaland Bondelag vera høyringsinstans for arealsakene i kommunen.

01.12.2010 NATURUTVALET

Handsaming i møtet:

Utvalet røysta samrøystes for rådmannen sitt framlegg til vedtak.

NAT-064/10 VEDTAK:

Samnanger kommune ser det ikkje som føremålstenleg å la Hordaland Bondelag vera høyringsinstans for arealsakene i kommunen.

